

Samarbeidsavtale.

«E-helse Vestland – Etablere Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesta»

Denne avtalen er inngått mellom Sunnfjord kommune og følgjande samarbeidspartar i prosjektet E-helse Vestland:

Høgskulen på Vestlandet (HVL)
Vestlandsforskning/IT-forum Vest
Helse Vest IKT
USHT Vestland (Hordaland)
USHT Vestland (Sogn og Fjordane)
USHT Helse Fonna
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
Helse Bergen
Helse Fonna
Helse Førde

Føremål med samarbeidsavtalen

Avtalen regulerer samarbeidet mellom partane i prosjektet «E-helse Vestland». Den regulerer organisering og gjennomføring av prosjektet, samt rettar og pliktar mellom partane.

Tid

Prosjektet «E-helse Vestland» starta opp i august 2020 og har ein 5-årsplan. Samarbeidsavtalen gjeld frå 1.mars 2021 til 1.mars 2026, med atterhald om ekstern finansiering gjennom tilskotsmidlar. Avtalen skal reviderast årleg i samband med ny søknad til Statsforvaltaren. Ved endringar av vesentleg karakter blir avtalen sendt ut for ny signering. Ved mindre endringar blir dette tatt opp i styringsgruppa for godkjenning. Nye samarbeidspartar blir tatt inn i avtalen ved den årlege revideringa.

Målet med prosjektet «E-helse Vestland»

Prosjektet «E-helse Vestland» er ei samanslåing av to velferdsteknologiprojekt som har føregått gjennom mange år i Hordaland og Sogn og Fjordane:

- «Fylkesprosjektet - Velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane» knytt til IT-forum Sogn og Fjordane (no IT-forum Vest)
- «Vestlandsprosjektet» i Hordaland (tidl Nordhordalandsprosjektet)

Det nye prosjektsamarbeidet oppstod etter at nye Vestland fylke vart etablert i 2020 og vart støtta av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland i 2020. Prosjektet tek høgde for samkøringa som skjer nasjonalt gjennom Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP), og skal supplere, sikre og vidareutvikle faglege aktivitetar og få med alle kommunane ut frå følgjande felles visjon:

«Alle innbyggjarane i Vestland fylke skal kunne bu trygt og lengst muleg heime med velfungerande tenester støtta av e-helse, særleg velferdsteknologi»

Hovudmål

Prosjektet skal gjennomføre ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis blir med. Prosjektet skal utvikle eit sterkt fagleg samarbeid for å samle, bygge og dele kunnskap og erfaringar som er kritisk for innføring av velferdsteknologi i kommunane. Kommunane skal vera i førarsetet og skal implementere og ha vesentleg gevinst av velferdsteknologi. Prosjektet skal støtte kommunane i å realisere det store potensialet i bruk av velferdsteknologi.

Velferdsteknologi skal òg bidra i krisesituasjonar for å trygge brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell.

Hovudmålet blir realisert gjennom konkrete og målbare delmål. Kwart delmål blir knytt til ein hovudaktivitet (arbeidspakke) med konkrete delaktivitetar, deltakande organisasjonar, tidsplan og budsjett.

Prosjektaktivitetar blir revidert årleg i samband med søknader på fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland og andre relevante tilskotsordningar. Nødvendige justeringar blir gjort ut frå tildelingar. Nye aktivitetar blir godkjent i styringsgruppa.

Finansiering

Prosjektaktivitetane blir gjennomført etter vedteke budsjett og resultat av søknader, og etter endeleg godkjenning i styringsgruppa

Samarbeidspartar kan skrive timelister på faktisk medgått tid ut frå gjeldande budsjett og avtale.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar: Sunnfjord kommune

Prosjektansvarleg: Kommunalsjef omsorg i Sunnfjord kommune, Kirstin Bruland

Styringsgruppe:

- Sunnfjord kommune: Kirstin Bruland, leiar
- Representant på rådmannsnivå oppnemnt i samråd med KS og samordna med styringsgruppa i DigiVestland
- Kommunalsjef i Vestland
- Brukarrepresentant, fylkeseldrerådet
- Hovudtillitsvald, fylkesnivå
- Helse Bergen
- Helse Fonna
- Helse Vest IKT
- Høgskulen på Vestlandet
- Vestlandsforskning
- Observatør: Statsforvaltaren i Vestland
- Prosjektleder er sekretariatet for styringsgruppa

Prosjektleder: Kari Eidnes Bjørkheim

Forankringsgruppe:

- Prosjektleder Kari Eidnes Bjørkheim

- Prosjektmedarbeidarar frå prosjekta i Hordalandsregionen og Sogn og Fjordane regionen
- USHT Vestland (Sogn og Fjordane)
- USHT Vestland (Hordaland)
- USHT Helse Fonna
- Representant tillitsvald
- Brukarrepresentant, Pensjonistforbundet
- Helse Vest IKT
- Vestlandsforskning / IT-forum vest
- Høgskulen på Vestlandet
- Kommunalsjefar for helse-omsorg oppnemnt av prosjektleiinga i samråd med KS
- IKT Nordhordland
- SYS IKT
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane
- Helse Førde
- Haraldsplass Diakonale sykehus

Samordningsgruppe

Består av prosjektkoordinatorane som er tilsett i E-helse Vestland, og har ansvar for den daglege drifta av prosjektet ilag med prosjektleiar.

Arbeidsgrupper og referansegruppe

Arbeidsgrupper blir sett ned ut frå aktivitet og behov. Desse rapporterer til prosjektleiar/-gruppe.

Krav til prosjekteigar

Sunnfjord kommune er prosjekteigar og har rapporteringsansvar overfor Statsforvaltaren i Vestland og andre instansar der prosjektet har fått tilskotsmidlar. Gjennom samarbeidsprosjektet forpliktar prosjekteigar seg til:

- Ansvar for prosjektleiing i tråd med gjeldande prosjektorganisering vedtatt av styringsgruppa.
- Administrering av prosjektet ut frå årlege søknader, prosjektmandat og budsjett
- Leie styringsgruppa
- Stå som ansvarleg kommune ved søknader på tilskotsmidlar/delprosjekt som er relevant for å finansiere E-helse Vestland (hovudprosjektet)
- Samarbeide med og vidareføre måla i det nasjonale velferdsteknologiprogrammet og organisere prosess-støtte som blir gitt der
- Normalt vil rapportering og finansielle utbetalingar gå via Sunnfjord kommune

Krav til partane

- Stiller med representantar i prosjekt- og styringsgruppe og deltek i møta. Må rekne med både fysiske og digitale møter
- Respektere avgjerder og føringar i prosjektet tatt av prosjektleiinga
- Avgjerder som inneber ressurskrav/-behov frå samarbeidspart må avklarast med samarbeidspart før avgjerd blir tatt.
- Kvar part skal rapportere fagleg, administrativt og økonomisk i tråd med forpliktingane i prosjektaktivitetane

Terminering (avslutning)

Finansiering ved Statsforvaltaren i Vestland er for eitt år av gangen, men planen for E-helse Vestland er til 01.03.2026. Om finansieringa fell vekk før prosjektet er avslutta, skal styringsgruppa behandle spørsmålet om vidare deltaking eller avslutning av prosjektet.

Stad/Dato

Stad/Dato

Kirstin Bruland,
kommunalsjef omsorg, Sunnfjord kommune

Endringslogg

Versjon	Dato	Underskrift/sign
1.0	20.04.2021	Kirstin Brulad, kommunalsjef omsorg Sunnfjord kommune
2.0	25.01.2022	Kirstin Brulad, kommunalsjef omsorg Sunnfjord kommune